



Bremanger kommune
Postboks 104
6721 SVELGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Bremanger kommune – godkjenning av budsjett 2022 og økonomiplan 2022 – 2025

Bremanger kommunestyre har i møtet 16.12.2021, sak 69/21, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan 2022 – 2025.

Kommunen er innmeldt i Robek (register for kommunar som er underlagt statleg betinga kontroll og godkjenning). Statsforvaltaren skal derfor føre kontroll og godkjenne budsjett og låneopptak.

- **Budsjett for 2022 og økonomiplan for 2022 – 2025 er godkjent.**
- **Låneramme på 52,350 mill. kroner er godkjent.**
- **Lån frå Husbanken til vidare utlån er godkjent med 3 mill. kroner.**

Bustadsosialt arbeid

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren. I forsøksperioden er Husbankens rettleiingsoppgåver overført til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber derfor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innanfor det bustadsosiale arbeidet i budsjettdokumentata.

Oppsummering

Etter at det akkumulerte underskotet frå Terra-sakene er dekt inn, planlegg no Bremanger å styrkje økonomien gjennom å byggje opp disposisjonsfondet til ein reserve og at driftsresultatet på sikt kan bidra til eigenfinansiering av investeringar. For at kommunen skal få til dette, er det avgjerande at kommunen styrer og gjennomfører aktiviteten i drifta etter kommunestyret sine vedtekne rammer i budsjett og økonomiplan. Det er såleis heilt nødvendig å skaffe balanse i den løpande drifta, byggje seg opp ein tilstrekkeleg buffer til å møte uføresette hendingar, og særleg gjeld dette usikkerheita knytt til endringar for derivatavtalane.

I tida som Robek-kommune har ikkje lånegjelda auka, men det er no budsjettert med ein vesentleg auke i lånegjelda samanlikna med driftsinntektene. Kommunen må ha ein god og langsiktig plan for prioritering av nye investeringar som skal finansierast med lån, og særleg sett i samanheng med behovet for tenester ut frå demografiske endringar slik dei er forventa for kommunen i framtida.



Budsjettet 2022

I førebels rekneskap for 2021 er det eit netto driftsoverskot med 18 mill. kroner. Det utgjer 3,9 prosent av driftsinntektene. Driftsoverskotet blir brukt til å dekkje attståande av akkumulert underskot og avsetjing til disposisjonsfond. Etter dette er fondet på 7,6 mill. kroner, som utgjer 2 prosent av driftsinntektene. Gjennomsnittet for landet utan Oslo er 13,7 prosent¹.

Det er for 2022 budsjettert med eit netto driftsresultat på 16,9 mill. kroner, som utgjer 3,7 prosent av driftsinntektene. Av resultatet skal 14,2 mill. avsetjast til disposisjonsfond, 1,8 mill. overførast til investeringsbudsjettet og 0,9 mill. kroner avsetjast til bundne fond.

Inntekt på skatt og formue og rammetilskot (frie inntekter) er budsjettert med 280,6 mill. kroner. Prognosen etter vedtaket til Stortinget og oppdaterte folketal per 01.01.2022 er på 276,8 mill. kroner.

Inntektene for eigedomsskatt, som kjem frå vasskraftanlegg, vindkraftanlegg, overføringsanlegg (linjer), bustader, fritidseigedomar og næringsbygg, er budsjetterte til 47,5 mill. kroner. Dette er ein auke på 3,1 mill. kroner samanlikna med faktisk inntekt i 2021. Gevinst frå sal av konsesjonskraft er lagt inn med 13 mill. kroner, ein auke på 8 mill. kroner frå 2021-budsjettet. Inntekta frå konsesjonsavgift på vasskraftanlegg er vidareført med 5,1 mill. kroner, og blir avsett til næringsfondet. Utbetalingar frå Havbruksfondet er budsjettert til 17 mill. kroner. Beløpet er berekna etter nye reglar for midlar frå Havbruksfondet med nasjonale estimat for sal av nye/utvida konsesjonar og produksjonsavgifta, og er tilnærma same gjennomsnitt som kommunen fekk i 2020.

Utbytte frå eigarskap i selskap er budsjettert med 1 mill. kroner, som kjem frå kommunens eigarskap i Sogn og Fjordane Holding AS som eig aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS. Avdrag er budsjettert etter reglane for minimumsavdrag, med 16,2 mill. kroner.

Derivatavtalane (renteutbytteavtale og rentebytteavtale) kommunen har med Danske bank vart gjort effektive frå 2016 og varer fram til 2036. Årleg netto effekt av avtalane er 7 mill. kroner i utgift for kommunen. Gjelda som kommunen har til Danske bank blir årleg redusert tilsvarande netto kontantstraum av rentebytteavtalane, budsjettert til 7 mill. kroner. Nettoverdien av avtalane blir verdivurdert ved kvart årsskifte. Dersom rentenivået endrar seg, vil dette medføre både reell utgiftsauke (ved rentenedgang) eller inntektsføring (ved renteoppgang). Dette betyr at rentebytteavtalane framleis gjev finansiell risiko. Det er ikkje budsjettert med finansiell «gevinst eller tap» for avtalane.

Samanlikna med revidert budsjett for 2021 er netto ramme for administrasjon og tenesteområda nominelt auka med 12,6 mill. kroner, til 315 mill. kroner, som blir om lag 4 prosent. Deflatoren (pris- og kostnadsveksten i kommunane) er i statsbudsjettet sett til 2,5 prosent. For fagområda er det størst auke innan sentraladministrasjonen og samfunn og utvikling, medan det er ein mindre reduksjon for oppvekst, kultur og fritid.

Tidlegare års meirforbruk

Akkumulert underskot per 31.12.2020 var 7,6 mill. kroner. Dette er frå eit underskot i 2014, og frist for inndekning var 2021. Etter førebels rekneskap for 2021, dekkjer kommunen inn det akkumulerte underskotet.

¹ Kjelde: SSB-statistikkbanken med førebelse Kostra-tal for 2021



Statsforvaltaren sin kommentar

Drifta til kommunen har for dei seinare åra gått med større ubalanse. Førebels rekneskap for 2021 viser òg vesentleg høgare netto forbruk for tenesteområda samanlikna med både opphavleg og revidert budsjett. Dette betyr at ekstra inntekter må nyttast til å dekkje slike meirforbruk. I 2021 fekk kommunen ekstra kraftinntekter og ein rekneskapsmessig gevinst frå derivatavtalane. Dette er ein type inntekter som kan variere mykje frå år til år. Det er difor vesentleg at kommunen byggjer seg opp reservar frå slike ekstra inntekter for å møte framtidige svingingar, og andre uføresette hendingar med økonomiske konsekvensar.

Med atterhald om revisorgodkjenning av 2021-rekneskapen, er det svært gledeleg at Bremanger kommune vil kunne meldast ut av Robek etter 14 år i registeret. Men for at kommunen skal halde seg utanfor Robek framover, er det heilt nødvendig å skaffe balanse i den løpande drifta og byggje seg opp ein tilstrekkeleg buffer til å møte uføresette hendingar, særleg gjeld dette usikkerheita knytt til endringar for derivatavtalane.

Investeringsbudsjettet 2022

Kommunen har budsjettert med investeringar i varige driftsmidlar for til saman 85,2 mill. kroner. Investeringane er finansierte med 50,4 mill. kroner i nytt låneopptak, bruk av bundne investeringsfond 4,9 mill., momskompensasjon 15,6 mill., overføring frå drift kr 550 000 og tilskot 13,8 mill. kroner. Av låneopptaket utgjer lån til brukarbetalte VA-anlegg 5,8 mill. kroner.

Av større investeringar er prosjektet Svelgen Panorama, som gjeld fem nye omsorgsbustader for menneske med nedsett funksjonsevne, ei beredskapsleilegheit og fire gjennomgangslleilegheiter. Leilegheitene skal erstatte gamle bustader som kommunen har selt dei siste åra.

Av investeringar i varige driftsmidlar gjeld ein leigeavtale for ny brannstasjon, der leiga i 2022 er budsjettert til kr 400 000 og deretter årleg kr 700 000. Utgifter til leiga er finansiert med overføring frå drift. Etter kommunal rekneskapsstandard har kommunen klassifisert avtalen som finansiell. Det betyr at han blir vurdert som langsiktig gjeld etter vilkåra i kommunelova §§ 14-14 til 14-17. Avtalen kjem inn under kommunelova § 28-3, og er ikkje gyldig før han er godkjent av Statsforvaltaren.

I tillegg er det budsjettert med 2 mill. kroner i tilskot til Kyrkja. Desse midlane skal nyttast til rehabilitering av kyrkjer. Nærare omtalt i budsjettdokumentet gjeld dette *universell utforming og elektriske anlegg*. Tilskotet skal finansierast med lån.

Ved siste årsskifte hadde kommunen ei langsiktig lånegjeld på 370 mill. kroner, som utgjorde 78 prosent av driftsinntektene. I 2021 var landsgjennomsnittet utan Oslo 115 prosent².

Som Robek-kommune etter kommunelova § 28-1 skal departementet etter § 28-3 godkjenne opptak av lån og leige av varige driftsmidlar (jf. leigeavtale av brannstasjon) etter bestemte vilkår. Departementet har delegert dette myndet til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren sin kommentar

Etter lov om Den norske kyrkje kan kommunen ta opp lån for å finansiere tilskot til bygging av kyrkjer og anlegg av gravplassar, men ikkje til drift av slike. Kommunen må derfor avklare at det budsjetterte tilskotet på 2 mill. kroner berre skal nyttast til investeringsformål.

Leigeavtalen av ny brannstasjon skal godkjennast av Statsforvaltaren.

² Kjelde: SSB-statistikkbanken med førebelse Kostra-tal for 2021



Økonomiplan 2022 – 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanen sin handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Samanlikna med 2022-budsjettet er driftsinntektene i 2024 på same nivå, 2023 og 2025 har høgare inntekter. Dette har samanheng med reglane for utbetalingar frå Havbrukfondet.

Budsjettering av inntekt for skatt og formue og rammetilskot er gjort etter prognosar for utvikling og samansetjing av folketalet i kommunen, og ut frå det er inntektene reduserte fram til 2024.

Samanlikna med prognosemodellen til KS, er det budsjettert med noko høgare inntekter enn det modellen viser. Gevinst frå sal av konsesjonskraft er auka opp til 15 mill. kroner i 2025. Inntekter frå Havbrukfondet er budsjetterte etter nye reglar med 7 mill. i 2023 og 2025, og 17 mill. kroner i 2024. Etter forslag i statsbudsjettet har kommunen budsjettert med ei produksjonsavgift på vindkraft med 1 øre/kWh, og for Bremanger vil dette utgjere 6 mill. kroner per år frå 2023.

Netto ramme for administrasjon og tenesteområda er budsjettert på same nivå i heile økonomiplanperioden.

Etter at lånegjelda aukar utover i perioden, er netto finansutgifter budsjettert med ein auke frå 19 mill. kroner i 2022 til 21,5 mill. kroner i 2025.

Netto driftsresultat er budsjettert mellom 1,4 til 3,5 prosent. Avsetjingar og bruk av bundne driftsfond er vidareført på same nivå som i 2022, og etter dette er avsetjingar til disposisjonsfond på 36 mill. kroner for heile perioden 2022 – 2025. Det betyr ei oppbygging av fondet, til å utgjere om lag 9,5 prosent av budsjetterte driftsinntekter.

I heile økonomiplanperioden 2022 – 2025 er det planlagt investeringar i varige driftsmiddel på 194,3 mill. kroner og tilskot til rehabilitering av kyrkjer med 8 mill. kroner. Av dette skal 150,7 mill. kroner bli finansiert med nye lån der 25 mill. kroner utgjier lån til investeringar i VA-anlegg. Avdrag er budsjettert med 69,5 mill. kroner, og lånegjelda aukar til om lag 100 prosent av driftsinntektene.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Bremanger kommunestyre har vedteke følgjande måltal:

Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	>1,75
Langsiktig gjeld i % av driftsinntekter	< 75
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	> 5
Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter	0

Budsjett og økonomiplan er vedtekne med følgjande finansielle måltal:

	2022	2023	2024	2025
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	3,6	1,8	3,5	1,4
Langsiktig gjeld i % av driftsinntekter	88	98	98	99
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	4,7	5,8	8,6	9,5
Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter	4,1	4,5	4,5	4,7



Statsforvaltaren sin kommentar

Etter at det akkumulerte underskotet er dekt inn, planlegg no Bremanger å styrkje økonomien gjennom å byggje opp disposisjonsfondet til ein reserve, og kommunen legg opp til at driftsresultatet på sikt kan bidra til eigenfinansiering av investeringar. For at kommunen skal få til dette, er det avgjerande at kommunen styrer og gjennomfører aktiviteten i drifta etter kommunestyret sine vedtekne rammer i budsjett og økonomiplan. I tida som Robek-kommune har ikkje lånegjelda auka, men det er no budsjettert med ein vesentleg auke samanlikna med driftsinntektene. Kommunen må ha ein god og langsiktig plan for prioritering av nye investeringar som skal finansierast med lån, og særleg sett i samanheng med behovet for tenester ut i frå demografiske endringar slik dei er forventa for kommunen i framtida.

Vedtak:

Statsforvaltaren skal føre lovlegkontroll av budsjettvedtaket til Bremanger kommune etter kommunelova § 28-3. Vi har føreteke kontrollen, og Bremanger kommune sitt budsjett- og økonomiplanvedtak for 2022 – 2025 er med dette godkjent med følgjande låneopptak i 2022:

- VA-investeringar 5,8 mill. kroner.
- Investeringar i andre varige driftsmidlar 46,550 mill. kroner.
- Tilskot til investeringar i kyrkjer 2 mill. kroner.
- Lån frå Husbanken til vidare utlån 3 mill. kroner.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland Revisjon Hafstadvegen 42 6800 FØRDE